



Harald Dag Jølle skriv om turar, utstyr og turbøker for Dag og Tid.

FRILUFTSLIV

Kugelhornet

TUREN

Efjorden i Nordland. Det finst ikkje maken! Jau, forresten, det gjer det nok, men alle som har køyrt E6-en sørover, eller nordover for den saks skuld, må ha lagt merke til denne magiske blankskura fjellverda. Svaberg som strekkjer seg frå fjøra til himmelen. Den milde fjorden mot dei bratte fjella kan ta pusten frå både tyske bubilsjåførar og sørnorske klatreturistar. Reine, nakne sva. Skikkelege fjellveggar – og ikkje slike moseklede lausmassar som så mange fjordstrok andre stader i landet har så altfor mykje av.

Kugelhornet var målet, eller Hugelhornet som det står på kartet. Eit landemerke med si karakteristiske form – og særigne namn. Du ser det heilt frå Narvik, men nede frå vegen er det ikkje så imponerande. Eller sagt på ein annan måte: I dette nabolaget skil det seg ikkje nemneverdig ut.

Me hadde ikkje all verda med kunnskap om fjellet då

me parkerte under det såkalla Verdenssvaet, eg må innrømme det. Returen er ekkel, hadde me høyr. Bratt og grodd og vanskeleg å finne. Resten skulle vere grei. «Lett tur! Berre litt tau mot toppen», hadde ein lokal helt frå Narvik fortalt oss.

Den nordnorske våren hadde vore svak, og snøen låg uvanleg langt nede dette året. Det gjorde innsteget til fjellet meir spennande enn me strengt teke sette pris på. Men då me stod trygge og nøgde på austryggen av fjellet og såg ned i Tysfjorden, var det kalde og glatte fort gløymt.

Me var ikkje førebudde på kva som venta. Etter eit par taulengder klatring – då me runda fortoppen – kom sjokket. Egga som reiste seg, var monumental. Plutseleg stod ho liksom der. Bratt, høg, uverkeleg. Kor kom du frå, var det fyrste som slo meg. Fjellryggar av denne typen kan jo ikkje dukke opp frå ingenstad. Deretter uroa eg meg for korleis me skulle få opp tredjemann – han som ikkje er



Kugelhornet er eit landemerke i Nordland. Foto: Jan-Gunnar Winther

klatrar og vart invitert med på ein fjelltur med litt lett klyving. Andre mann, derimot, var stornøgd. Han har vore ute ein bratt sommardag før.

Fire taulengder seinare stod me på toppen og såg kveldsola lyse opp den enorme nordveggen på Stetind. Stemninga var som stemminga berre kan vere når tre karar, høge på eiga

bragd, står på toppen av eit fjell. Bratt, fin høgfjellsklattring. Luftig, men ikkje for vanskeleg. Fast fjell og godt sikra. «Det finst ikkje maken», kom det frå storklatraren sørfrå, «dette må vere ein av Noregs flottaste og luftigaste klatreturar!»

HARALD DAG JØLLE

Harald Dag Jølle er historikar ved Norsk Polarinstitutt og forfattar.

Naturvernaren og klatraren

LITTERATUREN

Peter Wessel Zapffe: *Barske glæder og andre temaer fra et liv under åpen himmel*, Cappelen Damm 2012.

No er den endeleg tilgjengeleg igjen. Til alle som ikkje har 1969-, 1974-, 1987- eller 1997-utgåva av Peter Wessel Zapffes friluftslivbibel: No kan de kjøpe 2012-utgåva. Essaysamlinga som kvar ein turkar med respekt for seg sjølv kan sitere laust og ledig frå. Boka som har vorte kåra til tidenes fjellbok. Tekstar som viser Zapffes eventyrlege penn. Humor og engasjement. Turglede og kloke tankar om natur. Denne gongen er boka utvida med tekstar om Zapffe. Mellom anna skriv Dag



Mange storkarar freista å klatre opp Stetind. Fyrst var Scheldrup, Bryn og Rubenson i 1910.

Stetind

REKORDEN

«Ofotens slunkne vakttaarn», «en amboldt hvorpaa guderne kan hamre» – tøffe fjell har mange namn. På slutten av 1800-talet hadde ei rekkje storkarar prøvd seg: presten og oppmålingsoffiseren Olaf Holm, den kjende tyske tindebestigaren Paul Grussfeldt, den nordnorske væreigararvingen og klatrebomsen Martin Ekroll, dansken Carl Hall – og sjølvaste William Slingsby,

mannen som vart fyrstemann på Store Skagastølstind. Men Stetind gav ikkje tapt før F. Scheldrup, A. Bryn og C. W. Rubenson la ferien nordover – og førde tauet forbi den illgjetne «Mysosten» 30. juli 1910. Denne framifrå prestasjonen kan du lese om i årboka til turistforeninga for 1911, i artikkelen med den høgstemde tittelen: «Med norsk flag i Nordland».



Kvinneleg pioner på Svalbard: Hanna Resvoll-Holmsen me Holmsen.

Hanna Resvoll-Ho

BIOGRAFIEN

Sommaren 1907 leidde rittmeister Gunnar Isachsen ei gruppe forskarar mot nord. Engasjerte karar hadde starta med å gjere Svalbard norsk. Med i gruppa var ei kvinne – botanikar Hanna Dieset, som ho heitte då. Ho skulle samle stoff til hovudfaget om alpine plantar. Året etter var ho tilbake på øygruppa. Denne sommaren brukte ho mykje tid saman med den namngjetne polfararen Hjalmar Johansen og geolog Gunnar Holmsen. Såpass mykje tid, at ho året etter skifta namn til Hanna Resvoll-Holmsen. På desse to somrane fekk Resvoll-Holmsen vandra mykje omkring

SITATET



«Det er nemlig ei Touristforening eg vil fyreslaa uprettat her tillands. Det er ingen Alpeklub efter Engelsk Mønster; for det er ikki so myket up paa bratte Tinder vi vilja kliva og brota Halsen. Vi vilja sjaa os om og njota den friske Fjell-luft.»

Aasmund Olavsson Vinje, Dølen 15. april 1866